



Arkoconsult As
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4888 - 22/86128

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
11.11.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 239/128 Eknes ytre

Tiltak: enebolig
Byggjestad: Gbnr: 239/128
Tiltakshavar: Totlandsdal Bygg As
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.06.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltak ligg innanfor reguleringsplan for Eknes Ytre del av G.nr.239 B.nr.2 m.fl. Reguleringsplan vert supplert av kommunedelplan for Lindås der reguleringsplan ikkje har egne føresegner om tema, jf. føresegn 4.5 i kommunedelplan for Lindås.

Det er ingen krav til MUA (uteoppholdsareal) i reguleringsplan. Det går jamvel fram av føresegn 2.6.4 bokstav b) i kommunedelplan for Lindås at det er krav om minimum 200 m² MUA for einebustad. Vedlagt situasjonskart syner at det er lagt til grunn 174 m² MUA ved søknad.

Det må leggjast fram oppdatert situasjonskart som syner at tiltaket oppnår krav om 200 m² MUA. Syner på generelt grunnlag til at eigedom har krav om to parkeringsplassar og snuplass på eigen grunn jf. kommunedelplan, slik at ein ikkje «mistan» dette ved eventuell tilpassing av uteområdet.

2. Alternativt kan det søkjast dispensasjon frå krav til MUA jf. føresegn 2.6.4 bokstav b) i kommunedelplan. Kommunen vil jamvel informere om at det ikkje er praksis for å gje slik dispensasjon i og med at ein slik dispensasjon vil vera i strid med overordna plan.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan **10.01.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkoconsult As	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSE N
Totlandsdal Bygg As	Kaldalen 12	5993	OSTEREIDET